



Kommunikasjonsplan



NY KOMMUNE

Fjell – Sund – Øygarden



Februar 2016

1 Innleiing


Denne kommunikasjonsplanen skal vera ein reiskap for informasjon knytt til arbeidet med kommunereforma for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Fase 1 strekkjer seg fram til 30. juni 2016, medan den neste fasen er rekna som perioden mellom 1. juli 2016 til det eventuelt er etablert ein ny kommune frå januar 2020. Tiltaksdelen i denne planen vert revidert og tilpassa undervegs.

2 Bakgrunn

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform der målet er å skapa større og meir robuste kommunar med auka makt og mynde. På bakgrunn av dette har dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden ved Telemarksforsking utarbeidd ein felles rapport om mogleg etablering av ein ny kommune samansett av desse tre noverande kommunane.

Dei tre kommunane har etablert kvar si styringsgruppe og forhandlingsutval. Dei tre forhandlingsutvala utgjer felles forhandlingsutval (FFU) som gjennomfører ei rekkje forhandlingsmøte i februar-mars. Målet er å leggja fram eit utkast til intensjonsavtale før påske 2016. Alle kommunestyra må ta stilling til ei eventuell kommunesamanslåing innan 1. juli 2016.

Skissa nedanfor viser tidslinja for kommunereforma som Stortinget har slutta seg til.



3 Prinsipp

I denne planen vektlegg vi kommunikasjon framfor informasjon. Det gjev grunnlag for ein interaktiv kommunikasjon med innbyggjarane. Kommunikasjonsplanen byggjer på dei fem statlege prinsippa for kommunikasjon.

- **Openheit**

Det skal leggjast til rette for ein open samfunnsdebatt og sikra innsyn for både media og innbyggjarane. Møta i felles forhandlingsutval er opne for media og andre interesserte.

- **Medverknad**
Det skal leggjast til rette for at innbyggjarane vert tekne med på råd og at dei vert involverte i prosessen. Dette gjeld også dei som representerer dei tilsette. (tillitsvalde)
Det skal etablerast ulike møteplassar og elektroniske plattformer for å sikra at innbyggjarane vert ein medspelar i kommunereformarbeidet.
- **Inkludering**
Vi skal gjera det vi kan for at all relevant informasjon når fram til alle målgruppene våre. Informasjonen skal tilpassast dei ulike målgruppene.
- **Aktiv informasjon**
Informasjonen skal gjevast aktivt og i tide og gje korrekt og aktuell informasjon. Det skal leggjast til rette for at informasjon vert delt og kan delast.
- **Heilskapleg informasjon**
Informasjonen om kommunereformarbeidet skal opplevast som heilskapleg og samordna. Kommunikasjonen må difor til ei kvar tid vera forankra i alle dei tre kommunane.

4 Mål for kommunikasjonen

Hovudmål

Hovudmålet for kommunikasjonen knytt til kommunereforma er at alle vert sikra god og relevant informasjon om arbeidet med å eventuelt byggja ei ny kommune samansett av dei noverande kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Delmål for kommunikasjonen

- Leggja til rette for god dialog med alle målgruppene og stor takhøgd i ordskiftet
- Etablere god kontakt mot kyrkja og andre aktørar
- Sikra tillit til prosessen
- Skapa engasjement og gode forventningar til resultatet av arbeidet

5 Målgrupper

Arbeidet med kommunereforma er eit omfattande arbeid som inkluderer mange og har ei rekkje målgrupper. Hovudbodskapen er lik, men det vert lagt til rette for å tilpassa informasjonstiltaka til dei ulike målgruppene.

Målgrupper

- Innbyggjarane (mellom anna barn og ungdom)
- Innbyggjarar i nabokommunar

- Eigne medarbeidarar
- Tillitsvalde
- Næringslivet
- Politikarar
- Lag og organisasjonar
- Andre styresmakter
- Media
- Evt. andre interesserte

6 Bodskap

Hovudbodskapen den første fasen er å informera om arbeidet med utkast til intensjonsavtale og seinare det endelege innhaldet i avtalen. I fase 2 er den primære bodskapen å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune dersom kommunestyra gjer vedtak om å byggja ein ny kommune samansett av dei tre noverande kommunane i regionen.

Delmål:

- Gje truverdig presentasjon av fordelar og ulemper med å byggja ein ny kommune.
- Synleggjera at målet med å etablere ein ny kommune er å gje tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane.
- Synleggjera at dei tre kommunane i stor grad har felles verdiar, kultur, identitet og språk.
- Gjera innbyggjarane trygge på at dei vert involverte og opplever medverknad i arbeidet med kommunereforma.

7 Organisering

I fase 1 har forhandlingsutvalet det overordna ansvaret for kommunikasjonen. Dei tre ordførarane utgjer ei redaksjonsgruppe. Hovudoppgåva for redaksjonsgruppa er å følgja opp tiltaksplanen. Rådmennene har sekretariatsfunksjon.

Organisering av kommunikasjonsarbeidet i fase 2 vert lagt inn i planen i juni/juli 2016.

8 Verkemiddel

I den første fasen er det eit hovudmål å gje informasjon om arbeidet med og innhaldet i utkastet til intensjonsavtale. Informasjonen skal gjevast både internt (egen organisasjon) og eksternt.

Aktuelle tiltak (fase 1)

- Felles ny nettstad (forslag: vaarnyekommune.no)
- Bruk av sosiale medium
- Jamleg informasjon på nettsidene til kommunane
- Pressemeldingar, pressekonferanse og mediekontakt
- Brosjyre til alle husstandane med informasjon om eventuell framforhandla intensjonsavtale
- Folkemøte
- Annonsering
- Informasjonspakke (faktaark, presentasjon)

9 Tiltaksplan

Tiltaksplanen viser konkrete informasjonstiltak retta mot dei ulike målgruppe. Denne delen av kommunikasjonsplanen skal vera eit levande dokument som vert oppdatert etter behov.

Førebels tiltaksplan

Målgruppe	Bodskap	Tiltak/ verkemiddel	Mål	Tid	Ansvar
Innbyggjarar og eigne tilsette	Løypemelding om felles forhandlingsutval (FFU)	Info på nettside til kvar kommune	Informasjon	Febr. og mars	Inforådgj.
Innbyggjarar, eigne tilsette og næringsliv		Etablera felles nettside og evt. sosiale medium	Informasjon og involvering	Febr.	Rådm.sekr., inforrådgj.
Innbyggjarar	Sluttresultat FFU	Presseinvitasjon/ pressekonferanse	Informasjon	Mars	Red.gruppe (ordførarane), inforådgj.
Eigne tilsette	Innhald i utkast til intensjonsavtale	Intranett, e-post og evt. leiarsamling	Informasjon	Mars	Red.gruppe, rådm.sekr.
Innbyggjarar	Innhaldet i utkast til intensjonsavtale	Brosjyre, sjølve avtalen o.a. i servicetorg, bibliotek m.m.	Informasjon, involvering, medverknad	Mars	Red.gruppe, rådm.sekr.
Innbyggjarar, eigne tilsette, næringsliv	Innhaldet i utkast til intensjonsavtale	Brosjyre til alle innbyggjarane	Informasjon, involvering, medverknad	April	Red.gruppe, rådm.sekr.
Næringsliv	Innhaldet i utkast til intensjonsavtale	Møte m/ næringslivsorg. i dei tre kommunane	Informasjon, involvering, dialog og medverknad	April	Red.gruppe
Innbyggjarar	Innhaldet i	Folkemøte,	Informasjon,	April	Red.gruppe

